

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 07.12.2017**

Mona Røsvik Strømme (H) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er styremedlem i Bybanen AS. Strømme gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om ho var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Mona Røsvik Strømme var inhabil etter forvaltningslova § 6, 1. ledd e).

Mona Røsvik Strømme gjekk frå under behandlinga av saka. Stein Inge Ryssdal møtte for Strømme i saka.

**Silja Ekeland Bjørkly (H)** sette fram slikt forslag:

1. «Fylkestinget tek rapporten *Bybanen – Egenregi* til orientering.
2. Fylkestinget legg til grunn at konsernet som hovudregel skal konkurranseutsetja driftsoppgåvene, slik det vert gjort i kollektivdrifta elles i fylket, herunder ny operatøravtale.»

### **Røysting**

Bjørkly sitt forslag fekk 6 røyster (H, Frp, V) og fall.

Innstillinga fekk 9 røyster (MDG, SV, KrF, Sp, A) og vart vedteken som innstilling til fylkestinget.

### **Innstilling til fylkestinget**

Fylkesutvalet tek saka til orientering.